

Samandrag av *Skírnismál*

A. I Ásgard. Opning i prosa, så strofer:

- ◆ Frøy set seg i Lidskjálv, ser Gerd i jotunheimane, blir forelska og sturen.
- ◆ Njord bed Skirne spørja Frøy kva som er gali, Skirne er motvillig
- ◆ Skirne spør Frøy, får veta at Frøy er forelska i Gerd, men ingen lét dei vera i lag.
- ◆ Skirne tilbyd seg å fri for Frøy, får magisk sverd og hest til hjelp.

B. Ferda, i prosa. I mørker, over regnvåte fjell.

C. Utanfor garden

- ◆ Vakthundar, gjerde, truleg blakrande loge (str 9 og 17), vaktmann/gjetar.
- ◆ Vaktmannen / gjetaren nektar Skirne å gå inn.
- ◆ Gerd høyrer larm når Skirne kjem, skjønar kven han er, og bed dei sleppe han inn og få mjød, enda han skal vera banemann til bror hennar (?).

D. I garden, samtale med Gerd

I. Innleiing: Han er verken åsa-, vane- eller alveson, men kom likevel over den rasande logen.

II. Lokking:

- ◆ Elleve gylne eple. [Ungdomsepla til gudane?]
- ◆ Den sjølvdrypande ringen som vart lagd på likbålet til Balder.

III. Truging:

◆ **Våpen:**

- ◆ Trugar med sverd, halshogging.
- ◆ Trugar med å drepa faren.

◆ **Forbanning!**

- ◆ Trugar henne med «temjesveig» [-tein, -kvist, -renning]
- ◆ Ho skal gå der folk ikkje ser henne.
- ◆ Skal sitta tidleg på ørnetuva, vend mot Hel, bort frå verda.
- ◆ Skal avsky mat.
- ◆ Skal sitta bak ei grind (Helgrinda??) og bli glant på (str 28).
- ◆ Skal plagast av «vanvidd og ørske, avmakt og pine» (Holm-Olsen).
- ◆ Troll skal slå henne og misbruke henne i rímtussehallen. (str 30)
- ◆ Ho skal aldri få annan mann enn eit trehovda troll (str 31),
- ◆ Ho skal vera som tistelen (symboliserer truleg det ufruktbare, unyttige).
- ◆ Skirne seier han gjekk til skogen el. treet og henta *gambanteinn*, 'kraftfull tein' (og skar trolldomsruner i han? - jf str 36).
- ◆ Gudane er harme på henne.
- ◆ Heile kosmos er vitne på at ho aldri skal ha normalt seksualliv (str 34).
- ◆ Tussen *Hrímgrímnir* skal ha henne, nedanfor Någrindene (= i Hel), geitepiss er det beste ho får å drikke.
- ◆ Ristar trolldomsruner og -teikn: *Purs* 'kvinneskadeleg rune' og *Ergi ok æði ok óþoli*, 'Nymfomani og uuthaldeleg seksuell lyst [som ikkje lét seg tilfredsstille?].'

IV. Gerd gjev seg.

- ◆ Gerd gjev seg og byd Skirne «gammal mjød» (som teikn på forsoning).
- ◆ Gerd lovar å møte Frøy til elskhug i lunden *Barri* etter 9 netter.

E. Atter i Ásgard - prosa

- ◆ Skirne fortel Frøy det han har avtala, Frøy tykkjer det er lenge å vente.

Eldar Heide, 30.01.2008

Bruk gjerne dette samandraget, men oppgjev kjelde: <http://www.uib.no/People/hnoeh/>